



LANDSMØTET 2022

4H NORGE

Nordfjord folkehøgskule, Sandane 29. - 30. juli

PROTOKOLL

Sak 1: Konstituering	2
Sak 2: Årsmelding	3
Sak 3: Årsrekneskap	4
Sak 4: Generaldebatt	4
Sak 5: Endringer i vedtekter for 4H Norge	5
Sak 6: Strategi og mål for 4H Norge	5
Sak 7: Medlemskontingent for 2023 og 2024	6
Sak 8: Rammebudsjett for 2023 og 2024	6
Sak 9: Fråsegn frå Landsmøtet 2022	6
Sak 10: Innkomne saker	7
Sak 11: Val av revisor	8
Sak 12: Val	8
Sak 13: Godtgjersle til sentralt tillitsvalde	9
Sak 14: Avslutning	10

Liste over vedlegg

1. Deltakarliste - 4H Norges landsmøte 2022
2. Oppdaterte vedtekter for 4H Norge
3. Handlingsplan for 4H Norge 2022 - 2024
4. Fråsegner frå landsmøtet 2022

Opning

Fungerande styreleiar Martin Holmen opna landsmøtet med å helse deltakarane. Styreleiar i 4H Sogn og Fjordane, Eirik Hortemo Vikøren, helste landsmøtet og ønske velkomen til Sandane og 4H Norge sitt landsmøte. Kulturelt innslag ved Isak Nordgulen. Landsmøtet blei opna av ordførar Simen Saxebøl.

Sending av helsing til H.K.H. Kronprins Haakon

Landsmøtet slutta seg til helsinga til 4H Norges høge vernar H.K.H. Kronprins Haakon. Landsmøtet mottok òg helsing tilbake.

Sak 1: Konstituering

1.1 Opprop

Opprop ved ordførar Simen Saxebøl.
Ved opninga var det 49 representantar med stemmerett til stades.
Dag 2 var det 50 representantar med stemmerett til stades.

Representantane fordelte seg slik:

- Klubbrepresentantar og fylkesstyreleiarar: 31 og 15
- Representantar for dei tilsette: 1
- Norske 4H-alumner: 2
- 4H-gard Norge: 1

Vedlegg 1: Deltakarliste

1.2 Godkjenning av innkalling

Vedtak:

Landsmøtet 2022 godkjente innkallingen til landsmøtet.

1.3 Godkjenning av saksliste

Ordførar orienterte om at sak10.1: Endring av formålsparagrafen til 4H skulle takast opp samen med sak 5: Vedtektsendringar i 4H Norge, sidan desse høyrde samen.

Sakene 9: Fråsegner og 10.2: Plakettløpet skulle opna før sak 6: Strategi og mål for 4H Norge, då vedtak her kunne påverke sak 6.

Sak 10.3: Medlemskategoriar skulle takast før sak 7: Medlemskontingent fordi vedtak i denne saka kunne påverke vedtak i sak 7.

Vedtak:

Landsmøtet 2022 godkjente sakslista til landsmøtet med ordførars endringar på rekkefølge.

1.4 Godkjenning av forretningsorden

Vedtak:

Landsmøtet 2022 godkjente forretningsorden for landsmøtet.

1.5 Val av to referentar

Vedtak:

Randi Versto Kaasa og Irene Pande blei valde til referentar.

1.6 Val av to personar til å skrive under protokollen

Vedtak:

Celine Hansen, 4H Troms, og Mari Gjeldsaker Bådshaug, 4H Hedmark, blei valde til å skriva under protokollen saman med landsmøteordførar.

1.7 Val av teljekorps

Vedtak:

Margit Jære, Randi Versto Kaasa og Leiv Sølberg blei valde til teljekorps.

1.8 Val av redaksjonskomitear

Vedtak:

Astrid Wehn, Turi Elise Kaus, Gina Rikarda Inderberg Landodden og Jens Håkon Birkeland blei valde som redaksjonskomité.

Utdeling av æresmedlemskap

Kristian Haave frå Oppland blei utnemnt til æresmedlem i 4H Norge for eit langt og aktivt engasjement i 4H, både lokalt, på fylkesplan og nasjonalt nivå. Haave heldt ei følelseslada takketale til landsmøtet.

Helsingstaler

Helsing frå Gloppen kommune ved varaordførar Per Jarle Myklebust. Han representerte Tine under landsmøtet. Myklebust var også til stades under opninga av landsleiren laurdag kveld.

Landsmøtet blei også helsa av følgande gjester: Steinar Enebø frå Nortura, Jannicke Tafjord frå Felleskjøpet, Gry Ingvild Agjeld, Vestland Bondelag, Henrik Nordtun Gjertsen NBU og Astrid Liland frå Norsk Landbrukssamvirke.

Sak 2: Årsmelding

Fungerande styreleiar Martin Holmen gjekk gjennom dei sentrale punkta i årsmeldingane for 2020 og 2021. Det har vore to spesielle år med korona og nedstenging. -Vi er stolte over å



ha gjennomført landsmøtet i 2020 med strenge restriksjonar. Vi har auka den digitale kompetansen vår og samhandling digitalt, sa Holmen.

Disse hadde ordet i sak 2.1 og 2.2:

Ingebjørg Ulset, Gina Rikarda Inderberg Langodden, Synne Røthe Sandal, Martin Holmen

2.1 Årsmelding for 4H Norge 2020

Vedtak:

Landsmøtet i 4H Norge godkjente årsmeldinga for 2020.

2.2 Årsmelding for 4H Norge 2021

Vedtak:

Landsmøtet i 4H Norge godkjente årsmeldinga for 2021.

Sak 3: Årsrekneskap

3.1 Årsrekneskap for 4H Norge 2020, inkludert fondsrekneskap

Lagt fram av sentralstyrets økonomiutval ved Siri Lunde Heggebø.

Vedtak:

Landsmøtet i 4H Norge godkjente rekneskap for 4H Norge og rekneskap for 4H Norge sine fond for 2020.

3.2 Årsrekneskap for 4H Norge 2021, inkludert fondsrekneskap

Lagt fram av sentralstyrets økonomiutval: Siri Lunde Heggebø.

Vedtak:

Landsmøtet i 4H Norge godkjente rekneskap for 4H Norge og rekneskap for 4H Norge sine fond for 2021.

Sak 4: Generaldebatt

Ordfører Thor Christian Grosås oppfordra delegatane til å delta aktivt i generaldebatten.

Desse hadde ordet:

Martin Holmen, Oda Martine Dahlberg Myrvang, Guri Årnes, Martin Brattekværne Bakke, Emil Barstad, Simen Saxebøl, Celine Hansen, Andrine Jensen Fossum, Ingebjørg Ulset, Hege Pynttari, Janniche Næss Bergås, Gina Rikarda Inderberg Langodden, Tord Gabriel Einevoll, Andreas Ølvestveit, Ingvild Jordbrudal Greibesland, Gro Helene Andersen

Vedtak:

Sentralstyret tek med seg innspel, forslag, tankar og meiningar som kom fram i generaldebatten i det vidare arbeidet.

Sak 5: Endringar i vedtekter for 4H Norge

Ved votering var det 49 stemmeføre i salen.

Lagt fram av: Andrine Jensen Fossum.

Desse hadde ordet: Gurin Årnes, Hanne Karin Sunde, Steffen Stråtveit, Ingeborg Ulset, Andrine Jensen Fossum og Simen Saxebøl.

§2-2 Foreslått endring frå 4H Trøndelag falt med 10 stemmer.

§ 3-2 Foreslåtte endringar vedtatte einstemmig.

§ 4 Foreslåtte endringar vedtatte einstemmig.

§ 5 Foreslåtte endringar vedtatte einstemmig.

§ 6 Foreslåtte endringar vedtatte einstemmig.

§ 7 Foreslåtte endringar vedtatte einstemmig.

§ 8 Foreslåtte endringar vedtatte einstemmig.

§ 9 Foreslåtte endringar vedtatte einstemmig.

§ 10 Foreslåtte endringar vedtatte einstemmig.

§ 11 Paragrafen blir ikkje stroken, vedtatt einstemmig.

§ 14 Foreslåtte endringar vedtatte einstemmig.

§15 Foreslåtte endringar vedtatte einstemmig.

§16 Foreslåtte endringar vedtatte einstemmig.

Vedlegg 2: Oppdaterte vedtekter for 4H Norge.

Vedtak:

Landsmøtet vedtok dei endringane som låg føre og godkjende oppdaterte vedtekter.

Sak 6: Strategi og mål for 4H Norge

Ved votering var det 49 stemmeføre.

Strategi og mål for 4H Norge blei lagt fram av: Jens Håkon Birkeland.

Desse hadde ordet: Mariann Hegg, Guri Årnes, Martin Holmen og Hilde-Kristin Buøen Øynebråten.

Vedtak:

Landsmøtet godkjente forslaget til handlingsplan for 2022 til 2024.

Vedlegg 3: Handlingsplan 2022 – 2024.

Sak 7: Medlemskontingent for 2023 og 2024

Ved votering var de 50 stemmeføre i salen.

Lagt fram av: Andrine Jensen Fossum.

Desse hadde ordet: Emil Barstad, Johan Lindsetmo, Gro Helene Andersen, Hilde-Kristin Buøen Øynebråten, Steffen Stråtveit, Camilla Nesheim, Andrine Jensen Fossum, Mariann Hegg, Iris Merete Natten Frydenlund, Hanne Karin Sunde og Heidi Tønnesen.

Nytt forslag til vedtak frå N4HA:

4H-venn Støtte (107/111) setjast til 500,- i staden for 150,- som opplyst i forslag 3.

Vedtatt med 33 stemmer.

Forslag til nytt vedtak frå 4H Hordaland:

Kontingent for støtte medlem endrast til ein minstesum på 500 kr, med moglegheit for å auke sin eigen kontingent med så mykje ein sjølv ynskjer. Sekretariatet skal oppmoda støtte medlemmane til å velje sin eigen kontingent, over 500 kr.

Vedtatt med 38 stemmer.

Vedtak:

Landsmøtet i 4H Norge vedtok einstemmig å endre kontingentsatsane som i forslag 3 for dagens medlemskategoriar, med endringar som kom i møtet, og med likeins utrekning i forslag 3 for nye medlemskategoriar.

Sak 8: Rammebudsjett for 2023 og 2024

Ved votering var det 50 stemmeføre i salen.

Lagt frem av sentralstyret ved økonomiutvalet: Siri Lunde Heggebø.

Desse hadde ordet: Emil Barstad, Mariann Hegg og Martin Holmen.

Vedtak:

Landsmøtet i 4H Norge vedtok sentralstyret sitt framlegg til rammebudsjett for 4H Norge for 2023 og 2024.

Sak 9: Fråsegn frå Landsmøtet 2022

Saka blei lagt fram av: Turi Elise Kaus og Jens Håkon Birkeland.

Desse hadde innspel til dei framlagde forslaga til fråsegner: Andrine Jensen Fossum, Hanne Karin Sunde, Anne Marit Benjaminsen, Oda Martine Dahlberg Myrvang, Guri Årnes, Turi Elise Kaus, Martin Holmen og Jens Håkon Birkeland

Redaksjonskomiteen la fram to forslag til fråsegner:

- Me kan ikkje ta fridom og demokrati for gitt
- 4H bygger engasjerte ungdommar for framtida

Under debatten kom det berre inn forslag på redaksjonelle og språklege endringar.

Det kom inn eit forslag til fråsegn frå Ingvild Jordbrudal Greibesland «Ung kultur lærer ved å gjøre», som blei vidaresendt til sentralstyret.

Vedtak:

Dei to framlagde fråsegna frå redaksjonskomiteen blei vedtekne.

Vedlegg 4: Fråsegner frå landsmøtet 2022

Sak 10: Innkomne saker

10.1 Endring av formålsparagrafen til 4H

Lagt fram av: Sara Eline Malmo Farbo, 4H Trønderlag.

Jens Håkon Birkeland frå sentralstyret orienterte om sentralstyrets forslag til vedtak.

Vedtak:

Landsmøtet godkjende ikkje forslag til endring i formålsparagrafen.

10.2 Plakettløpet

Lagt fram av: Fungerande styreleiar Martin Holmen.

Desse hadde ordet: Synne Røthe Sandal, Celine Hansen, Steffen Stråtveit, Ovidia Pihl, Ingvild Jordbrudal Greibesland, Ingebjørg Ulset, Oda Martine Dahlberg Myrvang, Mariann Hegg, Leiv Sølberg, Johan Lindsetmo, Nina Bredesen Granum, Martin Holmen, Janniche Næss Bergås og Emil Barstad.

4H Hordaland la fram nytt forslag til vedtak. Sentralstyret valde å trekka forslaget sitt og følgja innsendt forslag frå 4H Hordaland.

Vedtak:

Landsmøte vedtok å endra plakettløpet til aktivitetsbasert plakettløp. Sentralstyret saman med sekretariatet, har ansvaret for å vekte kor mykje dei ulike aktivitetane skal ha i verdi. Det skal setjast ned ei arbeidsgruppe med kompetanse innan området. Det aktivitetsbaserte plakettløpet skal utgreiast vidare med mål om iverksetjing i alle 4H-klubbane 4H-året 2024. Landsstyremøtet våren 2023 skal vedta om aktivitetsbasert plakettløp er klart til oppstart 4H-året 2024. Arbeidsgruppa skal kontinuerleg orientera om framgangen på sentralstyremøtet, landsstyremøtet og nokre fylkesstyremøte. Arbeidsgruppa skal diskutera problemstillingar med sentralstyret, landsstyret og fylkesstyra.

10.3 Medlemskategoriar

Lagt fram av sentralstyret: Andreas Ølvestveit.

Desse hadde: Steffen Stråtveit, Hilde-Kristin Buøen Øynebråten, Mariann Hegg, Synne Røthe Sandal, Maria Cecilie Nesheim, Andreas Ølvestveit, Linne Munkeby

4H Vestfold la fram forslag til nytt vedtak. Sentralstyret valde å trekka forslaget sitt og følgja innsendt forslag frå 4H Vestfold.

Vedtak:

Landsmøtet vedtok to kategoriar for medlemskap, som eit tillegg til hovudmedlemsskapa gitt av [paragraf] 4.1. Ordninga skal evaluerast og ei fast innføring av nye medlemskategoriar skal behandlast på landsmøtet i 2024

Sak 11: Val av revisor

Vedtak:

KPMG AS blei vald som 4H Norge sin revisor.

Helsing frå styreleiar

Martin Holmen las helsing frå styreleiar Siri Myhre. Landsmøtet takkar Siri Myhre for innsatsen som styreleiar i 4H Norge.

Sak 12: Val

Ved votering var det 50 stemmeføre i salen.
Lagt frem av: Lars Mariåsen, leiar av valkomiteen.

Verv:

Ordfører: Kjerstin Wøyen Funderud, vald ved akklamasjon

Varaordfører:

- Valkomiteens forslag: Bjørn Harald Iversen, 7 stemmer
- Forslag frå 4H Akershus og Oslo: Thor Christian Grosås, vald med 43 stemmer

Sentralstyret:

Leiar	Martin Holmen	49 stemmer, 1 blank
Styremedlem	Jens Håkon Birkeland	47 stemmer, 3 blanke
Styremedlem	Andrine Jensen Fossum	46 stemmer, 4 blanke
Styremedlem	Andreas Ølvestveit	49 stemmer, 1 blank
Styremedlem	Sara Eline Malmo Farbo	einstemmig vald (50 stemmer)
Styremedlem	Elliot Solberg	45 stemmer, 5 blanke
1.varamedlem	Raymond Kirkenes	vald ved akklamasjon
2.varamedlem	Astrid Skogseth	vald ved akklamasjon
3.varamedlem	Even Medus	vald ved akklamasjon

Valkomit :

Leiar	Petter Hjørungnes Jacobsen
Nestleiar	Nikolai Thorsen Lagesen
Medlem	Janniche N�ess Berg�s
Medlem:	H�akon Juven Munkejord
Medlem:	Anne Berit Benjaminsen

- 1.varamedlem Karoline Valdem
- 2.varamedlem Torbj rn Joa
- 3.varamedlem Jonas  isund

Valkomiteens medlemmer blei valde ved akklamasjon.

Vedtak:

Etter valet 2022 fekk sentralstyret denne samansetninga:

<u>Leiar:</u>	Martin Holmen
<u>Styremedlem:</u>	Jens H�akon Birkeland
<u>Styremedlem:</u>	Andrine Jensen Fossum
<u>Styremedlem:</u>	Andreas �lvestveit
<u>Styremedlem:</u>	Sara Eline Malmo Farbo
<u>Styremedlem:</u>	Elliot Solberg
<u>1.varamedlem:</u>	Raymond Kirkenes
<u>2.varamedlem:</u>	Astrid Skogseth
<u>3.varamedlem:</u>	Even Medus

Dei tilsette i 4H Norge har valt representanten sin for to (2)  r. I perioden 2022-2024 er dei tilsettes representant Turi Elise Kaus, med Irene Pande som vara.

Sak 13: Godtgjersle til sentralt tillitsvalde

Ved votering var det 50 stemmef re i salen.

Lagt fram av: Siri Lunde Heggeb  valkomiteen.

Desse hadde ordet: Emil Barstad, Mariann Hegg, Thor Christian Gros s

Forslag fr  valkomiteen:

Styreleder:	250 000
Andre Styremedlemmer	
Honorar arbeid per dag 2-6 timer:	600 kr
Honorar arbeid per dag >6 timer:	1 200 kr
Makstak Nestleiar:	50 000 kr
Makstak styremedlem:	25 000 kr
Makstak varamedlem:	25 000 kr

Vedtak:

Landsmøtet vedtok einstemmig valkomiteens framlegg til godtgjersle for sentralt tillitsvalte for landsmøteperioden 2022 – 2024

Sak 14: Avslutning

Fungerande generalsekretær Gro Helene Andersen takka avtroppande styremedlem Astrid Wehn og ordførar Simen Saxebøl. Det blir sendt ei helsing til avtroppande styreleiar Siri Myhre og styremedlemene Helle Hartz og Torgeir Timenes Bell, som ikkje var til stades på landsmøtet.

Nyvald styreleiar Martin Holmen takka landsmøtet for flott engasjement og gode vedtak. Han takka òg valkomiteen for ein god jobb, 4Hs ordførarar fekk ein stor takk for flott innsats både under landsmøtet og mellom landsmøteperiodane. 4H Norges mål er i komande periode å bli større, og vi skal ha det artig medan vi jobbar, sa Martin. Han takka for tilliten før han heva landsmøtet.




Simen Saxebøl
ordførar



Thor Christian Grosås
varaordførar



Celine Hansen
4H Troms



Mari Gjeldaker Bådshaug
4H Hedmark

Vedlegg 1: Deltakarliste - 4H Norges landsmøte 2022

NR	FORNAVN	ETTERNAVN	FYLKE/REPRESENT.
1	Jarle	Greibesland	4H Agder
2	Ingvild Jordbrudal	Greibesland	4H Agder
3	Linda	Fladby	4H Akershus og Oslo
4	Ovidia	Pihl	4H Akershus og Oslo
5	Hege	Pynttari	4H Buskerud
6	Camilla	Nordskog	4H Buskerud
7	Martine	Braathen	4H Buskerud
8	Helene	Løvberg	4H Finnmark
9	Mari Gjeldaker	Bådshaug	4H Hedmark
10	Inger	Siksjø	4H Hedmark
11	Gina Rikarda Inderberg	Langodden	4H Hedmark
12	Janniche Næss	Bergås	4H Hordaland
13	Synne Røthe	Sandal	4H Hordaland
14	Agnete Flatnes	Skarveland	4H Hordaland
15	Steffen	Stråtveit	4H Hordaland
16	Ragnhild S.	Bjørkedal	4H Møre og Romsdal
17	Hans Ole	Hatle	4H Møre og Romsdal
18	Andrine	Ljøtebø-Krokå	4H Møre og Romsdal
19	Anne Marit	Benjaminsen	4H Nordland
20	Ingebjørg	Ulset	4H Oppland
21	Guri	Årnes	4H Oppland
22	Sindre	Bygstad	4H Oppland
23	Mari Aksdal	Hermansen	4H Rogaland
24	Iris Merete Natten	Frydenlund	4H Rogaland
25	Alf	Slettebø	4H Rogaland
50	Mina Aksdal	Hermansen	4H Rogaland
26	Live	Skretting	4H Rogaland
27	Eirik Hortemo	Vikøren	4H Sogn og Fjordane
28	Camilla	Nesheim	4H Sogn og Fjordane
29	Maria Cecilie Nesheim	Aardalsbakke	4H Sogn og Fjordane

30	Nicolai	Sandnes	4H Sogn og Fjordane
31	Hanne Karin	Sunde	4H Sogn og Fjordane
32	Herbjørn	Håvardrud	4H Telemark
33	Ailin	Langerød-Dale	4H Telemark
34	Tord Gabriel	Einevoll	4H Troms
35	Celine	Hansen	4H Troms
36	Sara Eline Malmo	Farbo	4H Trøndelag
37	Oda Martine Dahlberg	Myrvang	4H Trøndelag
38	Johan	Lindsetmo	4H Trøndelag
39	Berit Sollie	Hjelsvold	4H Trøndelag
40	Rasmus	Hojem	4H Trøndelag
41	Mariann	Hegg	4H Vestfold
42	Mathilde Dahl	Aske	4H Vestfold
43	Martin Brattekværne	Bakke	4H Vestfold
44	Nina Bredesen	Granum	4H Østfold
45	Linne	Munkeby	4H Østfold
46	Heidi	Tønnesen	4H-gård Norge
47	Sigfrid Skogland	Kristjansdottir	Norske 4H-alumner
48	Emil	Barstad	Norske 4H-alumner
49	Hilde-Kristin Buøen	Øynebråten	Ansattrepresentant

Representanter med talerett, uten stemmerett

	Sentralstyret		
70	Martin	Holmen	Sentralstyret
71	Andreas	Ølvestveit	Sentralstyret
72	Jens Håkon	Birkeland	Sentralstyret
73	Turi Elise	Kaus	Ansattrepresentant
74	Astrid	Wehn	Sentralstyret
75	Andrine Jensen	Fossum	Sentralstyret

	Andre		
76	Simen	Saxebøl	Ordfører
77	Thor Christian	Grosås	Ordfører
78	Siri Lunde	Heggebø	Valgkomite
79	Lars	Mariåsen	Valgkomite

Medlemsorganisasjoner og gjester

80	Leiv	Sølvberg	Æresmedlem	
81	Henrik Nordtun	Gjertsen	NBU	
82	Steinar	Evebø	Nortura	
83	Astrid	Liland	Norsk Landbrukssamvirke	
84	Jannicke	Tafjord	Felleskjøpet	
85	Gry Ingvild	Agjeld	Vestland Bondelag	
86	Merete	Støfring	Vestland Bondelag	
87	Per Jarle	Myklebust	TINE	
93	Kristian Haave		Gjest	kun fredag
94	Eli Blakstad		Gjest	kun fredag

	Ansatte		
88	Margit	Jære	4H Norge
89	Beate	Patay	4H Norge
90	Irene	Pande	4H Norge
91	Gro Helene	Andersen	4H Norge
92	Randi Versto	Kaasa	4H Norge

Vedlegg 3: Oppdaterte vedtekter for 4H Norge

Vedtekter for 4H Norge

Vedteke på landsmøtet 29. – 30. juli 2022

§ 1. Organisasjon

1. 4H Norges organisasjon er bygd opp av 4H-klubbane, 4H-fylka (kalla 4H "fylkesnamn"), sentralleddet 4H Norge, Norske 4H-alumnar og 4H-gard Norge.
2. 4H Norge har sete og verneing der 4H sitt hovudkontor til ein kvar tid ligg.
3. Administrasjonen i 4H Norge er organisert gjennom eit sekretariat og vert leia av ein generalsekretær.

§ 2. Føremål

1. 4H Norge er ein landsomfattande, ideell barne- og ungdomsorganisasjon som er livssynsnøytral og partipolitisk uavhengig.
2. Føremålet til organisasjonen er å utvikle ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med ansvarskjensle og respekt for natur og menneske.
3. Grunnlaget for arbeidet i organisasjonen finst i naturbruksnæringane og lokalmiljøet.
4. Målsetjinga for 4H Norge er uttrykt gjennom 4H-lovnaden:
Vi lovar å arbeide mot det mål å verte ein ungdom med klårt Hovud, varmt Hjarte, flinke Hender og god Helse.

§ 3. Arbeid i organisasjonen

1. Arbeidsoppgåvene for organisasjonen er gjennom 4H-klubbane å
 - a. leggje til rette for og oppmode til allsidig 4H-arbeid for barn og ungdom slik at dei utviklar seg til aktive unge med fagleg innsikt, praktisk kunnskap og sosialt engasjement.
 - b. medverke til samhøyr, aktivitet og trivsel i lokalsamfunnet ved gjennomføring av 4H-aktivitetar blant barn og ungdom.
 - c. drive opplæring gjennom 4H-prosjekt, klubbaktivitetar, kurs, leirar og andre arbeidsformer etter prinsippet *Å lære ved å gjere*.
 - d. leggje til rette for at flest mogleg gjennomfører 4H-programmet, oppnår 4H-vitnemålet og plaketten samt held fram vidare i 4H som alumnar og/eller klubbbrådgjevarar.
2. Organisasjonen kan også drive 4H-arbeid organisert gjennom 4H-gardar og 4H-setre.
3. 4H Norge har eit internasjonalt engasjement og samarbeider med 4H-liknande organisasjonar i andre land.

§ 4. Medlemmer

1. Alle medlemmer i 4H Norge skal følgje organisasjonens vedtekter og retningslinjer.
2. 4H Norge har desse hovudformene for medlemskap:
 - a) Hovud- og syskenmedlemskap for born og ungdom frå 10 til 26 år.
 - b) 4H-klubbar
 - c) 4H-alumnar
 - d) 4H-gardar
 - e) kløvermedlemmer
 - f) arrangementsmedlemmer
 - g) støttemedlemmer
 - h) æresmedlemmer som er votert inn av landsmøtet i 4H Norge
 - i) organisasjonar som vil støtte 4H-arbeidet og som er votert inn av landsmøtet i 4H Norge.
3. Andre former for medlemskap enn dei som er nemnde under pkt. 1 kan godkjennast ved ordinært landsmøtevedtak.
4. Medlemskap (for andre enn æresmedlemmer) er berre gyldig etter betalt kontingent. Medlemmer som ikkje har betalt kontingent meldast ut.
5. Sentralstyret kan midlertidig suspendere, stengje ute frå bestemte arrangement eller ekskludere ein medlem som har motarbeidd 4H Norge eller skadd omdømmet til organisasjonen. Slikt vedtak kan ankast inn for overprøving i landsstyret. Medlemmen vert rekna som suspendert/ekskludert medan handsaminga av anken går føre seg. Medlemmen skal gjevast rett til å gjere greie for saka si i dei fora som handsamar saka. Beredskapsleiar kan utestengde/heimsende personar frå enkeltarrangement.
6. Berre medlemmer av kategoriane definert i pkt. 1 bokstav a, c, f, g og h kan veljast til styrande organ i 4H Norge.

§ 5. Landsmøte

1. Landsmøtet i 4H Norge har det overordna ansvaret for arbeidet i organisasjonen.
2. Landsmøtet i 4H Norge er samansett av:
 - a. Representantar valde av fylkesårsmøta blant medlemmene i dei lokale 4H-klubbane og kløvermedlemmene.
 - Fylke med 1-400 teljande medlemmer har ein (1) representant.
 - Fylke med 401-700 teljande medlemmer har to (2) representantar.
 - Fylke med 701-1000 teljande medlemmer har tre (3) representantar.
 - Fylke med 1001-1500 teljande medlemmer har fire (4) representantar.
 - Fylke med 1501 eller fleire teljande medlemmer har fem (5) representantar

Med telande medlem meinast støttegjevande medlemmer under 26 år. Talet på representantar bestemmast ut frå medlemstalet slik det føreligger pr.01.01.i landsmøteåret.
 - b. Leiarane i fylkesstyra eller annan representant frå fylket.
 - c. To (2) representantar for Norske 4H-alumner.
 - d. To (2) representantar for 4H-gård Norge.
 - e. To(2) representant for dei tilsette.
 - f. Medlemmene i sentralstyret.

- g. Æresmedlemmene i 4H Norge.
 - h. Ein (1) representant for kvar av medlemsorganisasjonane i 4H Norge.
3. Ordinært landsmøte i 4H Norge vert halde annakvart år. Nærare tid og stad vert fastsett av sentralstyret i samråd med ordførar i landsmøtet og gjort kjent i organisasjonen seks (6) månader før landsmøtet skal haldast. Kunngjeringa skal også opplyse om fristane for innsending av saker til landsmøtet, jfr. pkt. 5.
 4. Landsmøtet vert kalla saman og leia av ordføraren.
 5. Rett til å fremje saker til landsmøtet i 4H Norge har alle landsmøtere representantar, landsstyret, sentralstyret, fylkesårsmøta og fylkesstyra. Saker som skal handsamast i landsmøtet må vere sendt til sentralstyret seinast to (2) månader før landsmøtet. For framlegg til lovendingar gjeld §15.
 6. Innkalling med sakliste skal sendast landsmøtere representantane minst seks (6) veker før landsmøtet.
 7. Saksdokument som strategiske planar, framlegg til handlingsprogram, endring av vedtekter og andre prinsipielle saker, skal sendast ut saman med sentralstyret si innstilling. Andre saksdokument skal sendast ut minst to (2) veker før landsmøtet.
 8. Landsmøtet i 4H Norge kan gjere vedtak når minst halvparten av dei som i følgje lovene er røysteføre landsmøtere representantar, er til stades. Blanke røyster vert rekna som gyldige røyster. Vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal (meir enn 50 % av dei gjevne røystene) når ikkje anna er nemnt i lovene.
 9. Det skal førast protokoll frå landsmøtet i 4H Norge.
 10. Landsmøtet skal opnast med 4H-lovnaden, jf. § 2.4.
 11. Ordinært landsmøte i 4H Norge skal handsame:
 - a. Val av to (2) representantar til å skrive under protokollen saman med ordføraren.
 - b. Forretningsorden for landsmøtet.
 - c. Årsmelding frå sentralstyret for dei siste to (2) åra.
 - d. Revidert rekneskap for dei siste to (2) åra.
 - e. Innkomne saker, jf. pkt. 5.
 - f. Generaldebatt.
 - g. Strategiske planar.
 - h. Budsjett for to (2) år med fastsetjing av kontingentar og godtgjering til styremedlemmene.
 - i. Tilsetjing av revisor.
 - j. Val for to (2) år av:
 - Ordførar og varaordførar i landsmøtet.
 - Sentralstyret beståande av seks (6) medlemmer med tre (3) varamedlemmer i rekkjefølgje. Leiar i sentralstyret skal veljast av landsmøtet. Leiarvalet skal gjerast før valet av andre styremedlemmer.
 - Valkomité for neste landsmøte på fem (5) medlemmer med tre (3) varamedlemmer i rekkjefølgje.
 12. Sentralstyret, æresmedlemmene i 4H Norge og valde representantar for medlemsorganisasjonar har talerett, men ikkje røysterett i landsmøtet. Andre kan ved landsmøtevedtak også gjevast talerett, men ikkje røysterett i landsmøtet.

13. Dei tilsette sine representantar i landsmøtet har ikkje røysterett ved val.
14. Dei som vert omfatta av vedtaket om honorar/godtgjersle til styremedlemmer har ikkje stemmerett i saka, og skal ikkje vera til stades under behandlinga.
15. Det skal vere skriftleg val på leiar og styremedlemmer i sentralstyret. Ved personval utanom dette, skal det vere skriftleg val om det er framlegg på meir enn ein kandidat, eller minst ein eller fleire landsmøtedelegater krev det. Blanke røyster vert rekna som gyldige røyster.
16. Ekstraordinært landsmøte i 4H Norge vert halde når landsstyret, sentralstyret eller minst 1/3 av landsmøtorepresentantane frå siste landsmøte krev det. Berre dei sakene som er nemnde i innkallinga, kan handsamast. Tidsfristar for innkalling og for utsending av saker er som for ordinært landsmøte.
17. Reise- og opphaldsutgifter for landsmøtorepresentantane vert dekt av den dei representerer.

§ 6. Sentralstyret

1. Sentralstyret i 4H Norge består av:
 - a. seks (6) medlemmer valde av landsmøtet i 4H Norge, med røysterett.
 - b. ein (1) representant for dei tilsette, med røysterett, for to (2) år av gongen.
 - c. tre (3) varamedlemmer i rekkefølge valt av landsmøtet i 4H Norge, med møterett.
2. Sentralstyret vel sjølv sin nestleiar.
3. Generalsekretæren har tale- og framleggsrett i sentralstyret med mindre sentralstyret vedtek noko anna.
4. Styret i Norske 4H-alumner skal få tilbod om å møte i sentralstyret med ein (1) representant med tale- og framleggsrett.
5. Styret i 4H-gard Norge skal få tilbod om å møte i sentralstyret med ein (1) representant med tale- og framleggsrett.
6. Ordførar i landsmøtet kan delta i sentralstyremøta utan røysterett.
7. Det må vere minst fire (4) med røysterett til stades for at sentralstyret skal kunne fatte gyldige vedtak.
8. For gyldig vedtak i sentralstyret vert det kravd alminneleg fleirtal (meir enn 50 % av stemmene).
9. Ved røysteliskap vert sentralstyroleiar tildelt dobbel røyst.
10. Sentralstyret skal:
 - a. vere styringsorgan for 4H Norge i samsvar med vedtektene for 4H Norge og vedtak gjort i landsmøtet for 4H Norge.
 - b. godkjenne vedtekter for fylkesledd, Norske 4H-alumner og 4H-gard Norge.
 - c. ha ansvar i organisatoriske og økonomiske saker, under dette også tilsetje og avsetje generalsekretær og vedta rutinar for internkontroll.
 - d. forvalte organisasjonen sine midlar med låg risiko og i samsvar med føremålet til organisasjonen.

- e. gjere avtalar med departement, organisasjonar og andre.
 - f. kalle inn til landsstyremøte i samsvar med § 7 og leie møtet.
 - g. vurdere medlemskap for 4H Norge i andre organisasjonar, jf. § 14.
 - h. vere ankeinstans for saker avgjort av fylkesstyra.
 - i. vedta reglar for reiseutjamning for klubbane sine representantar til landsmøtet for 4H Norge.
11. Sentralstyret kan oppnemnde arbeidsgruppe og utgreiingsutval for spesielle saker.
 12. Sentralstyret sin leiar og generalsekretæren i fellesskap forpliktar organisasjonen med sine underskrifter.
 13. Det skal førast protokoll frå alle sentralstyremøte.

§ 7. Landsstyret

1. Landsstyret i 4H Norge består av:
 - a. Sentralstyret
 - b. Alle fylkesstyreleiarar
 - c. Ein (1) representant frå Norske 4H-alumnar
 - d. Ein (1) representant frå 4H-gard Norge
2. Ved fylkesstyreleiarar fråvær kan fylkesstyret velja ein vara blant dei faste styremedlemane.
3. Landsstyret er eit vedtaksdyktig organ der alle landsstyrerepresentantar har taleframleggs og røysterett.
4. Generalsekretær har kunn tale- og framleggsrett i landsstyremøte
5. Sentralstyret kan invitere observatørar med tale- og framleggsrett til landsstyremøtet.
6. Landsstyret kan invitere gjestar utan tale- og framleggsrett.
7. Minst halvparten av dei stemmeføre må vera til stades for at landsstyret skal kunna fatta gyldige vedtak.
8. For gyldig vedtak i landsstyret blir det kraft alminneleg fleirtal (meir enn 50 % av stemmene som er gjevne).
9. Ved røstelikskap vert sentralstyreleiar tildelt dobbel røyst.
10. Landsstyret skal møte ein gong i landsmøte år og to gonger i mellomår eller når sentralstyret eller ein tredel (1/3) av landsstyret krev det.
11. Sentralstyret har ansvar for å sende ut kunngjering åtte (8) veker før møtedato. Rett til å fremma saker til landsstyremøtet har alle landsstyrerepresentantar. Saker som skal behandlast i landsstyret må vera sende til sentralstyret seinast fire (4) veker før møtedato. Sakspapir skal sendast ut seinast to (2) veker før møtedato.
12. Landsstyret skal:
 - a. Leggja hovudvekt på handsaming av prinsipielt viktige saker av betydning for 4H-arbeidet si utvikling og utnytting av organisasjonens ressursar.

- b. Handsame arbeidsprogram og konkretisering av landsmøtevedtak, innkomne saker og fråsegner.
- c. Vedta normalvedtekter for lokallag, fylkeslag og 4H-nemnder.
- d. Etter framlegg frå valnemnda foreta suppleringsval for den gjenværande landsmøteperioden ved avgang i sentralstyret.

13. Det skal førast protokoll frå alle landsstyremøte.

§ 8. 4H-fylket

1. 4H-fylkesårsmøtet er øvste myndigheit i 4H-fylket. Fylkesårsmøtet har eit overordna ansvar i organisatoriske og økonomiske spørsmål for 4H-arbeidet i fylket.
2. Fylkesårsmøtet definerer 4H-fylkets geografiske omfang. 4H-klubbar kan berre vere medlem i eit 4H-fylke i sitt eige geografiske fylke.
3. Fylkesårsmøtet vedtek sjølv sine vedtekter etter mønster av 4H Norge sine normalvedtekter for fylkesledd. Desse vedtektene skal godkjennast av sentralstyret.

§ 9. 4H-klubbane

1. 4H-klubbane er det primære leddet i organisasjonen.
2. 4H-klubbane skal vere organisert i eit 4H-fylke. Ein 4H-klubb skal ha sitt eige valde styre samansett av klubbmedlemmer frå 10 til 26 år på veg mot plaketten. Klubbstyret har ansvar for drifta av 4H-klubben i samråd med klubbbrådgjevarane.
3. 4H-klubben følgjer 4H Noreg sine normalvedtekter for 4H-klubbar. Vedtektene, og eventuelle endringar av desse, må vedtakast av årsmøtet i klubben og godkjennast av 4H-fylkesstyret for å vera gyldig.

§ 10. 4H-nemnd

1. Det kan opprettast 4H-nemnder som er ein sjølvstendig juridisk eining. Nemnda fungerer som eit fellesorgan for 4H-klubbane i kommunen eller i ein større region.
2. 4H-nemnda vedtek sine eigne vedtekter innafør ramma av 4H Norge sine normalvedtekter for 4H-nemnder. Vedtektene må godkjennast av fylkesstyret før dei er gyldige. Dersom dette ikkje er gjort, er 4H-nemnda automatisk underlagt normalvedtektene for 4H-nemnder.

§ 11. Norske 4H-alumner

1. Ein 4H-alumn vert definert som:
 - a. Eit 4H-medlem som har motteke 4H-plaketten
 - b. Eit 4H-medlem over 18 år som vil gjere ein innsats for 4H
2. Opprettinga av nye alumnklubbar må gjerast i samarbeid med eit fylkesstyre.
3. Norske 4H-alumner vedtek sine eigne vedtekter innafør 4H Norge sine rammer. Desse skal godkjennast av sentralstyret i 4H Norge.

§ 12. 4H-gård Norge

1. 4H-gardane er organiserte i 4H-gård Norge.

2. 4H-gård Norge er underlagt vedtektene for 4H Norge, men vedtek sine egne vedtekter. Vedtektsendringar skal godkjennast av sentralstyret i 4H Norge.

§ 13. Sekretariatet i 4H Norge

1. Tilsette i 4H Norge kan ikkje ha verv i fylkesstyret eller på nasjonalt plan i 4H anna enn som representant for dei tilsette.
2. Etter avslutta arbeidsforhold med 4H Norge må det gå minst 18 månader før ein er valbar til verv i fylkesstyret eller på nasjonalt plan. Dette gjeld ikkje ved arrangement, eller tilsette med mindre og/eller kortvarige engasjement.

§ 14 Medlemskap i andre organisasjonar

1. 4H Norge kan søkje medlemskap i andre ideelle organisasjonar/institusjonar som er partipolitisk uavhengige.
2. Ein slik søknad vert vedteke av sentralstyret.

§ 15. Vedtektsendringar

1. Framlegg til endring av desse vedtektene må vere framsett av eit fylkesstyre, av eit fylkesårsmøte, styret i Norske 4H-alumnar, landsstyret, sentralstyret eller av minst fem (5) representantar i landsmøtet.
2. Framlegg frå andre enn sentralstyret må leggjast fram for sentralstyret minst tre (3) månader før landsmøtet. Framlegget med sentralstyret si innstilling, skal sendast til landsmøtorepresentantane innan seks (6) veker før landsmøtet. Språklege endringar kan behandlast under landsmøtet.
3. Vedtak om vedtektsendring krev minst to tredelar (2/3) av dei gjevne røystene i landsmøtet.
4. Vedtektsendringar trer i kraft i det landsmøtet er heva.

§ 16. Opplysing

1. Framlegg om å oppløyse 4H Norge må vere framsett på eit landsmøte for 4H Norge for realitetshandsaming på landsmøtet to (2) år etter. Framlegget vedlagt utsegn frå sentralstyret, skal sendast landsmøtorepresentantane minst seks (6) veker før det landsmøtet som skal realitetshandsame framlegget.
2. Vedtak om å oppløyse 4H Norge krev minst tre firedels (3/4) fleirtal av dei frammøtte landsmøtorepresentantane. Etter eventuell oppløysing skal pengar og andre verdiar som organisasjonen eig, overlatast til Det Kongelege Selskap for Norges Vel som opprettar eit fond av desse. Rentene av dette fondet skal heilt eller delvis brukast til å fremje dei same eller liknande føremål som det 4H Norge arbeider for.
3. Vert det seinare oppretta ein ny, landsomfattande organisasjon med same eller liknande føremål som 4H Norge, kan Det Kongelege Selskap for Norges Vel heilt eller delvis overlata til denne å bruke restane av fondet for å fremje måla til den nye organisasjonen.






4H Norge - Nasjonal handlingsplan 2022-2024

Denne handlingsplanen er eit overordna dokument vedteke på landsmøtet som styringsverktøy for sentralstyret og sekretariatet. Når fylka skal lage sine egne handlingsplanar tek dei utgangspunkt i dei nasjonale tiltaka og tilpassar sine egne behov. Generalsekretær skal i samråd med sentralstyret lage tydelege planar for gjennomføring under kvart tiltak og undervegs orientere landsstyret om framdrift.

Vedlegg 3: Handlingsplan for 4H Norge

Mål	Tiltak	Ansvar for initiativ	Ansvar for gjennomføring	Tidsperspektiv	Viktigaste bærekraftsmål
Større					
	4H for alle - inkludering	Sentralstyret	Sekretariatet	Forarbeid ferdig innan utgangen av mars 2023, Gjennomført kontinuerleg frå oktober 2023	
	Gjere 4H attraktivt for alle medlemmar - innsiktsarbeid med tilhøyrande tiltak. (8 til 26 år + Klubbrådgjevarar og øvrige alumnar)	Sentralstyret	Sekretariatet	Igangssatt høsten 2022. Resultater fra innsikt klare januar 2023.	
	Utvikle aktivitetskonsept som gjer 4H'are stolt	Sentralstyret	Sekretariatet	Vår 2023	
Smartare					
	Gjere det lettare å drive 4H	Sentralstyret/Sekretariatet	Sekretariatet	Kontinuerleg	
	Arbeide meir aktivt med bærekraft i 4H	Sentralstyret	Sekretariatet	Kontinuerleg	
	Utvikle system som set 4H i ein leiande teknologiposisjon blant barne- og ungdomsorganisasjonar	Sentralstyret	Sekretariatet	Kontinuerleg	



Synlegare					
METODER: Jobbe med kommunikasjon mot målgruppe og marknad	Sentralsstyret	Sekretariatet	Kontinuerleg		
VERKTØY: Revidere visuell profil, kommunikasjonsstrategi og kanalstrategi	Sentralsstyret	Sekretariatet	Kontinuerleg	 	
KULTUR: Vere 'på' og framoverlent - følgje nye trendar og vere treftsikre i kommunikasjonen vår, både internt og eksternt	Sentralsstyret	Sentralsstyret, fylkesstyrene, sekretariatet	Kontinuerleg	 	





Vedlegg 4: Fråsegner frå landsmøtet 2022

Fråsegn | Landsmøte 4H Norge 2022



4H bygger engasjerte ungdommar for framtida

Å kome saman og skape samhold er godt etter to år der dette har vore avgrensa i samfunnet. Engasjementet på landsmøtet i 4H Norge gjev framtidsutsikter for å vidareutvikla ein aktiv og inkluderande organisasjon der det er plass til alle uansett kven du er, kva du står for, kor du kjem frå, alder og kjønn. Det skal være trygt å komme ny inn i 4H og ein skal bli møtt av frivillige, tillitsvalte og tilsette som er gode på å inkludera og på å skapa sosiale møteplassar for alle.

Demokratiopplæring står sterkt i 4H sjølv om me er ein organisasjon for born og unge. Dette meiner me gjer 4H til ein unik organisasjon. Kva andre organisasjonar gjev 10, 12 og 14-åringar opplæring i å føra rekneskap, skrive referat eller leie ein lokal 4H-klubb? Me ynskjer å styrkje dette samstundes som me vil satse på dei vaksne si rolle i klubbane.

Kvart år arbeidar medlemmane med ulike fordjupingar innanfor sine interessefelt. Dei siste åra har 4H gått digitalt og utvikla nye metodar for å gjennomføre det årlege 4H-prosjektet. På årets landsmøte vart det vedteke ein overgangsordning på korleis «vegen mot plaketten» skal gå vidare. For å skape meir aktive medlemmar ynskjer me å arbeide for at meir av aktivitet medlemmane gjer skal telle i vegen mot 4H-plaketten. Dei skal verte verdsette for å ta på seg verv, arrangere klubbaktiviteter, lage leir og å delta på fylkessamlingar og nasjonale arrangement.

Føremålsparagrafen seier at me skal skapa ein aktiv og samfunnsengasjert ungdom med respekt og ansvarsfølelse for naturen og menneskje. Gjennom auka deltaking, aktiv dugnadsinnsats og engasjement vil 4H skapa framtidige tillitsvalte, samfunnsbyggjarar og demokratiambassadørar.



Me kan ikkje ta fridom og demokrati for gitt

For 4H er «fridom» og «demokrati» meir enn berre ord. Dei er heilage og ufråvikelege prinsipp som er grunnleggjande for vår organisasjon. Med dette kviler det òg eit ansvar, eit ansvar for å sjølv bidra til å ivareta desse verdiane. Kampen for fridom – fridom til å vera den du vil, fridom til elska den du vil, fridom til å verte det du vil og fridom frå å verte undertrykt, ein kamp som må kjempast på lokalt, regionalt, nasjonalt og globalt nivå kvar bidige dag. Dessverre ser ein i dag at utviklinga mange stadar i verda går i feil retning og ein ser at det liberale demokratiet er under stadig større press. For 4H, som er ein organisasjon som er bygd opp på demokratiske prinsipp er dette skremmande. Difor er det ekstra viktig at 4H Norge skal vera eit motvekt til dette.

Russlands fullskala invasjon av Ukraina den 24. februar har igjen gjort det klart at fridom og demokrati er verdiar som ikkje kan takast for gitt. Dei må forsvarast kvar einaste dag. Putin gjekk uprovosert til åtak på Ukraina – eit demokratisk land, mot eit folk som ynskjer fridom.

Samfunnet står framføre fleire varsla kriser, både med svolt, tørke, klimaendringar og knappheit på ressursar. Ukraina er verdas kornkammer og Russland sin invasjon blokkerer eksporten av både mat og andre råvarer. Landsmøtet i 4H Norge meiner dette er ein tydeleg vekker om at kunnskap rundt om å dyrke eiga mat og styrking av landbruket er viktig for sjølvberginga. I 4H kan barn og unge lære om dei små tiltak ein sjølv kan bidra med for å auke bevisstgjeringa omkring eigen småskala matproduksjon, og påverke våre eigne handlingsmønster har for norsk mattryggleik. Ved å velgje norskprodusert mat, laga med særst lite sprøytemidlar og bruk av antibiotika samanlikna med resten av verda, er ein med å bidra til dette. Me skal spreie kunnskapen om verdien og kvaliteten på norskprodusert mat for å trygge ei framtid med ei berekraftig næring, som er mindre avhengig av import, og bevaring av kunnskapen for å produsere mat i et land der ein er prisgitt naturens utforming, klima og ressursar. Slik betrar ein òg beredskapen i landet.

4H støttar opp under Ukraina og det Ukrainske folket, og deira kamp for fridom og demokrati. 4H Norge vil bidra til at alle menneskjer har rett til fridom og tryggleik gjennom demokratiopplæring, bevisstgjerung og erfaring. Gjennom auka fokus og opplæring i verdien av berekraftig matforvaltning skal me bidra til ei meir berekraftig og rettferdig verd. 4H Norge skal arbeida aktivt for å promotera, forsvara og spreie fridom og demokrati gjennom organisasjonen sitt arbeid på lokalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. 4H skal fortsetta å vera ein organisasjon som følgjer og gjev opplæring i demokratiske prosessar og verdiar.